



Roger Hansen  
Skrenten 59  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/25598

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2019

## Pålegg klypp av hekk og buskvekster langs kommunal veg - Gbnr 108/187

Teknisk drift viser til vårt brev av 21.06.2019 der vi anmoder Dykk, som eigar av hekk, om å utføre klypp av denne. Hekken veks i siktsonene til kommunalt vegkryss og eigen avkjørsle. I siktsoner til kommunale vegkryss og private avkjørsler ikkje være høgare 0,5 meter over kommunalt vegnivå (kjøreveg).

Teknisk drift gjer merksam på at det er den einskilde eigar som har ansvar for at sin hekk og anna vegetasjon ikkje veks utover kommunalt vegareal eller tek sikt i vegkryss og avkjørsler. Hekker og vegetasjon som veks i siktsoner utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg.

### Vedtak om pålegg:

Teknisk drift pålegg Dykk, som eigar av hekk, om å få utført klypp av denne slik at den ikkje tek sikt i kommunalt vegkryss og eigen avkjørsle. Maks høgde hekk kan ha i siktsoner er 0,5 meter over kommunalt vegnivå.

Teknisk drift sett no ei frist for utføring av klypp av vegetasjon.  
Frist for utføring av klypp er sett til: **Onsdag 11 september 2019.**

Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, vil kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultat vert svært grovt. Resultatet vert betre om De som eigar får utført arbeidet sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid vil kvist og anna avfall verte lagt inn på egedommen.

*Det er med heimel i Veglova med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til vegetasjon i siktsoner til offentlege vegkryss og innanfor regulert byggegrense mot veg. Byggegrense har som føremål å ta vare på dei krav ein måtte ha til vegsystemet. Vegetasjon som tek sikt i vegkryss, avkjørsler og i svinger utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg. I tilfeller der vegetasjon utgjer ei fare, kan kommunen utføre arbeid utan ny varsling.*



Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vegdrift Lindås kommune

**Mottakarar:**

Roger Hansen

Skrenten 59

5955

LINDÅS